



Ronald - Odd - Andreas - Frid & Glede - Svein - Tormod

# Sans - og samling

*Om kjærleik og melankoli - og litt Frid & Glede*

## Konsert

**torsdag 20.10. klokka 20.30**

**i SANS på Hareid hotell**

*Smakebitar frå «Amerikansk kjærleik på ny norsk», kyrkjekabareten «Ei vandring i dine hagar» og Cohen-programmet «I filler av lys» og meir til.*

*Originalmateriale og omsette songar av og ved Andreas Bjåstad, Ronald Øvrelid og Odd Goksøyr presentert med god hjelp av Frid & Glede (Ingfrid Grimstad og Einfrid Grindheim), Tormod Engen og Svein Hunnes.*

## **FØRSTE AVDELING**

*Vi hjelpest åt som best vi kan på dei ulike songane, men hovudvokalen er markert bak kvar tittel.*

1. OM EG TRENGDE DEG – Frid&Glede

*If I Needed You – tekst/mel Townes Van Zandt, norsk tekst Andreas Bjåstad*

2. FRÅ DET HØGE – Ronald

*From a Distance – tekst/mel Julie Gold, norsk tekst Andreas Bjåstad*

3. ROSE I IS – Frid&Glede

*Tekst Andreas Bjåstad, melodi Anita Winsjansen*

4. ANDEDRAGET – Frid&Glede

*Tekst Andreas Bjåstad, melodi Hildegun Opstad*

5. F – Odd

*Tekst og melodi Odd Goksøy*

6. KJEND, BLÅ REGNFRAKK - Ronald

*Famous Blue Raincoat – tekst/mel Leonard Cohen, norsk tekst Odd Goksøy*

7. DU OG EG – Ronald

*Tekst og melodi Ronald Øvrelid*

8. SOLNEDGANG PÅ FLØ – Frid&Glede

*Tekst og melodi Ingfrid Grimstad*

9. AFFECTIONS – Odd og resten

*Tekst og melodi Odd Goksøy*

## **ANDRE AVDELING**

10. GLADSONGEN – Odd  
*Tekst og melodi Odd Goksøy*
11. MINNEFANGAR – Odd  
*Tekst og melodi Odd Goksøy*
12. DANNY BOY – Frid&Glede  
*Tradisjonell irsk, norsk tekst Andreas Bjåstad*
13. FORTELJAREN – Frid&Glede  
*Tekst Andreas Bjåstad, melodi Odd Goksøy*
14. HALLELUJAH – Ronald  
*Hallelujah – tekst/mel Leonard Cohen, norsk tekst Odd Goksøy*
15. DER EG BUR – Ronald  
*Tekst og melodi Ronald Øvrelid*
16. SOLVEIG SIN SOVESONG – Frid&Glede  
*Tekst og melodi Einfrid Grindheim*
17. DIN VILJE SKJE – Frid&Glede  
*If It Be Your Will – tekst/mel Leonard Cohen, norsk tekst Odd Goksøy*
18. I EI NATT – Odd og resten  
*Tekst og melodi Odd Goksøy*

# SANS – og samling

I 2004 stod Andreas Bjåstad og Odd Goksøy, saman med m.a. Ronald Øvrelid og Tormod Engen, bak forestillinga AMERIKANSK KJÆRLEIK PÅ NY NORSK med kjærleikssongar sungne av kvinnelege amerikanske artistar, no i nynorsk språkdrakt. To år seinare var dei same med på Odd Goksøy si Cohen-forestilling I FILLER AV LYS. I 2008/2009 fekk så Andreas Bjåstad i kyrkjekabareten VÅR FERD I DINE HAGAR framført eigne tekster til melodiar av m.a. Odd Goksøy.

Dette er bakgrunnen for konserten SANS – OG SAMLING og materiale frå desse forestillingane utgjør om lag halvparten av songane under konserten. Kjende klassikarar som DANNY BOY, HALLELUJAH og FROM A DISTANCE blir å høyre denne kvelden, like eins Andreas Bjåstad/Anita Winsjansen sin ROSE I IS frå plata FEM RAUDE ROSER som dei gav ut saman i 1999.

Men her blir meir. Odd Goksøy har ei lang karriere bak seg som visesongar med eige stoff. Litt nytt og litt gammalt frå hans repertoar blir også å høyre. M.a. vil han framføre Tusenårssongen sin som vart vald ut til feringa av 2000-årsjubileet, no med utvida og revidert tekst og arrangement. Ronald Øvrelid er også songskrivar. To av hans songar er med i konserten. - I det heile blir dette ei variert blanding som spenner frå kjende klassikarar til urframføringar, alt med lokalt tilsnitt i større eller mindre grad.

Også denne gongen er Tormod Engen med på gitar. Han bur i Ålesund men har røter på Hjørungneset. Kontrabassen blir traktert av Svein Hunnes frå Volda, kjend frå mange samanhengar, ikkje minst som bassist i «BokkeReidars Bluesband».

Sjølv om songstoffet inneheld mykje kjærleik, har det meste ein heller melankolsk grunntone. Men det er gjort forsøk på å gi det eit løft ved å få med Frid&Glede frå Ulsteinvik – som består av dei to «fridene» Einfrid Grindheim og Ingfrid Grimstad. Dei framfører m.a. Andreas Bjåstad sine songar, er med musikalsk på mange vis, og - ikkje minst – dei har med eit par songar frå sitt eige repertoar som nok vil vere med på å krydre det elles litt melankolske stoffet.

*- og, når du går heim i kveld, kan du trygt svare dei du møter: I dag kom eg til SANS og Samling, og no går eg frå SANS og Samling... . Vel heim!*



HAREID HOTELL